

Politisk plattform 2019 – 2023 - Bjerkreim Kommune

Mellom – Senterpartiet – KrF – Arbeiderpartiet



Samarbeidspartia vil arbeide for eit raust, varmt og inkluderande Bjerkreim der ein stiller opp for kvarandre.

Me vil leggje opp til meir involvering saman med innbyggjarane, og prøve ut nye modellar for samarbeid mellom politikarar, administrasjon, næringslivet, frivillige og andre interessegrupper.

Me vil ha stort fokus på omdømmebygging i 4-års perioden. Bjerkreim må løftast opp og fram på ein positiv måte.

Samarbeidspartia vil ha jamnlege møter mellom leiarar i utvala, ordførar og varaordførar. Dette for å sikre god kommunikasjon og framdrift i dei politiske sakene. I tillegg ønskjer me ein samarbeidsform som gir rom for meir visjonær tenking og dei lange linene.

I det politiske arbeidet vil Ap, KrF, Sp, finne rom for det enkelte parti sin eigenart, slik at veljarane kan kjenne seg igjen i dei ulike partia sine sjølvstendige politiske målsettingar.

Bjerkreim skal framleis vera eigen kommune.

Økonomisk styring

Bjerkreim kommune sin økonomi forventast stram i dei komande åra, og ein må gjera nødvendige prioriteringar for å kunne oppretthalde god aktivitet innanfor viktige områder. Me ønskjer så langt som muleg å skåne omsorg- og oppvekstsektoren for kutt i 4-års perioden. Landbrukskontoret ønsker ein skal bestå som i dag.

Eigedomsskatten skal liggje på dagens nivå. Samarbeidspartia ønskjer å bruke likningsverdi ved taksering, då dette kan spare kommunen for utgifter. Eigedomsskatt knytt til hus og hytter kan ikkje fjernast før dei statlege overføringane blir auka slik at kommunen sitt handlingsrom vert betydeleg betre.

Me vil forsette arbeidet med å få bygd nytt omsorgssenter i Kodleberghagen.

21/10-19
TV KS E.Ø.

Klima og miljø

Klima- og miljøutfordringar vil og råka Bjerkreim. Me må derfor i større grad ta omsyn til dette både i det politiske, administrative og økonomiske arbeidet.

Bjerkreim skal arbeide for at FN sine 17 mål for ei berekraftig utvikling også vert nådd i vårt eige nærmiljø.

Samarbeidspartia vil prioritere:

- miljøfyrtårnsertifisere aktuelle etatar i Bjerkreim kommune
- bruke miljøvenlege løysingar i kommunale bygg
- arbeide for fleire og betre kollektivløysingar i kommunen
- ta ein aktiv rolle i utvikling av klimatiltak i landbruket
- fortsatt arbeide for flaumsikring opp mot NVE

Arbeidsgjevarpolitikk

Bjerkreim kommune skal vere ein god arbeidsgjevar med stolte og engasjerte medarbeidarar, som skaper gode resultat til beste for våre innbyggjarar.

Samarbeidspartia er garantistar for at det ikkje skal skje privatisering i barnehage, skule, og eldreomsorg i Bjerkreim kommune.

Samarbeidspartia vil prioritere:

- innføre seriøsitetskrav tilpassa våre lokale forhold, for å unngå sosial dumping og arbeidslivskriminalitet
- arbeide for ein fulltidskultur i kommunale stillingar
- auke talet på lærlingar

Næring, samferdsel og distrikt

Bjerkreim kommune skal vere pådrivar og leggje til rette for næringsetablering. Skal me lukkast i å verte ein vekstkommune, treng me nye arbeidsplasser.

Samarbeidspartia vil prioritere:

- sikre best muleg utvikling og organisering av Nesjane gjennom sentrumsplanen
- vidareutvikle Røysland industriområde til nye næringar
- tydeleggjera satsing på turisme, og utarbeide ein handlingsplan
- ha eit aktivt samarbeid med Bjerkreim Næringshage AS
- vere ein pådrivar for breibandsatsing. Kartlegge, planlegge og eventuelt søke «NKOM» midlar for aktuelle prosjekt
- stå for eit sterkt jordvern av både dyrka og dyrkbar mark, med sikte på å oppretthalde eller auke mengda dyrka areal
- utarbeide tilstandsrapport for kommunale bygg

21/10-19
TV KS E.g.

- vurdere fortetting i komande kommuneplan
- ha ledige bustadtomter til ei kvar tid, både på Bjerkreim og Vikeså

Oppvekst og kultur

Ein trygg og aktiv oppvekst er eit viktig bidrag til inkludering, integrering og god fysisk og psykisk folkehelse.

Samarbeidspartia vil prioritere:

- satse på kompetanseheving i barnehage, skule og arbeidsliv med spesielt fokus på psykisk helse
- vurdere 5-dagars veke (etter prøvetid) med god dialog med foreldre og fagpersonell
- framheve at mat er kultur, og styrke lokal matproduksjon
- verte ein forsøkskommune for aktivitet/fritidskort
- løfte fram fleire friluftsområde og turstiar
- støtte opp om kyrkja og soknerådet

Helse og omsorg

Alle i Bjerkreim skal ha lik rett til gode offentlege helsetenester, uavhengig av bakgrunn, økonomi eller alder. Førebyggjande folkehelsearbeid skal prioriterast sterkt. Alle skal ha rett til naturopplevingar. Dette er viktig i utforming og bygging av nytt omsorgssenter.

Samarbeidspartia vil prioritera:

- vere offensive når det gjeld bruk av velferdsteknologiske hjelpemiddel for betre omsorgstenester
- vidareføre det gode arbeidet med ernæring i helse- og omsorgssektoren med fokus på mat og matglede
- gjera Bjerkreim kommune til ein demensvennleg kommune
- vurdere frivillig-/frisklivsentral
- bevare Akutteamet (first responder)
- fokus på førebyggjande arbeid i alkoholpolitikken. Vurdere samarbeid med organisasjonen «Av - og - til»
- Bjerkreim kommune skal ikkje rekne barnetrygd som inntekt i samband med sosialhjelp

Bjerkreim, 21/10-19

Representant SP

Kjetil Skettedrup

Representant KrF

Egil Gjedrem

Representant AP

Tone Vaule